

# Møtereferat

**Møte:** Møte AU Midt

**Tid/Sted:** Måndag 27. mai kl 10 – kl 16 på møterom Samdrifta 1, Medlemssenteret Nortura Malvik

**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Kolbjørn Frøseth, Borgny Grande, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen

**Forfall:** Johan Kristian Daling

**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg

**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27.05.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styremøtet 23. mai</b>            Olav Håkon orienterte m.a. om reduksjon i varelinjer, halvert no. Nye forretningsområde, god framdrift. Leigekontrakter vert gjennomgått for vurdering. Marknadssituasjonen: Storfe auka sal pga kampanjer. Sau: Bekymring for overskot. NOVA: Mykje betre situasjon, utrulla på Otta knirkefritt. Fortløpande utrulling vidare, m.a. på Hå.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan reseptar på sanerte produkt seljast til andre aktørar?</li> <li>• Er det sett berre på lageret av sau, eller vert det sett på utviklinga i forhold til alle dei som sluttar?</li> <li>• Må ha ein debatt om korleis Nortura riggar seg i forhold til produksjonen av lam for framtida. Går i retning av underskot no.</li> <li>• Få oversikt over kva type produsentar (større/mindre) som sluttar i regionen. Finnast det ein reserve?</li> <li>• Fagmøte småfe til hausten med marknadssituasjon småfe som tema? Nortura og departementet orienterer.</li> <li>• Korleis fungerer det nye styret?</li> <li>• Viktig å få informert til eigarane at ting no går betre.</li> <li>• Oppmoding om å skryte når det vert gjort ein god jobb, både av tillitsvalde og adm.</li> <li>• Kan vi i regionen vår få laga filmsnuttar med bønder, industriarbeidarar, osv?</li> </ul> <p><b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Bård Tore og Ragnar førebur sak til fellesmøtet med region Nord i august, med info frå Ole Nikolai Skulberg om marknadssituasjon, prognose og tiltak.</b></p>	<p>Olav Håkon</p> <p>Bård Tore/ Ragnar.</p>
2	<p><b>Oppfølging frå kretsmøta og RU-møtet</b>            Brit Kari orienterte om oppfølgingsrapportane.</p> <p>Spørsmål frå krets 31 Ytre Namdal om reduksjon i administrative stillingar: Olav Håkon fylgjer opp med informasjon til AU.</p> <p><b>Vedtak: AU tek oppfølgingsrapportane frå kretsmøta og RU-møtet til orientering.</b></p>	<p>Olav Håkon</p>
3	<p><b>Evaluering av RU-møtet</b>            Brit Kari orienterte om oppsummeringa av evaluerings skjemaene.</p> <p><u>Innspeil/kommentarar:</u></p>	

- Vere tydelegare på alternativ parkering på Kulturhuset Kimen
- Fortsette med hotellet på Stjørdaal, MEN fortsatt fokus på kjøtserving.
- Viktig å ha nokon som motiverer, ynskje om konserndirektør sal Harald Bjerknes.
- Utfordre kretsane på å løfte inn saker til RU-møtet.
- Få nokon utanfrå til å seie noko om oss, som motivasjon
- Bevisstgjerung om kva den enkelte kan gjere på kommunikasjon/sosiale media.
- Motivasjon sauebønder? Eige småfemøte i Oppdal/Rennebu?

**Vedtak: AU tek evalueringa av RU-møtet til orientering.**

---

**4 Oppsummering/evaluering etter årsmøtet**

Lars Morten ynskje innspel på korleis det vart jobba i forkant og under årsmøtet.

Innspel /kommentarar:

- Viktigare enn nokon gong med eit samla og sterkt Nortura.
- God arbeidsform i forkant og undervegs i møtet.

**Vedtak: AU tek oppsummeringa/evalueringa etter årsmøtet til orientering.**

---

**5 Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar.

**Vedtak: AU tek handlingsplanane for kretsane til orientering, og oppmodar om nøktern ressursbruk. AU-medlemane må fylgje opp ansvarskretsane sine framover, og ynskjer påminning frå adm.**

AU/  
Brit Kari

---

**6 Oppnemning av ressursgrupper**

Brit Kari orienterte om Ressursgruppene:

*Dyreslagsrepresentantene i AU kan knytte til seg inntil tre produsenter innen dyreslaget, som kan kontaktes for å drøfte spørsmål på dyreslaget og å planlegge aktiviteter i regionen. Det skal være arbeidsutvalget som peker ut disse produsentene etter forslag fra dyreslagsrepresentanten (eller andre). Det vil være en fordel at disse pekes ut blant medlemmene i kretsutvalgene, fortrinnsvis kretsleder, slik at en gjennomgående representasjon ivaretas.*

*Tilførselsleder på dyreslaget i området skal ha nær kontakt med representanten for dyreslaget i AU og ressursgruppene.*

Borgny føreslo fylgjande til ressursgruppe storfe: Sigmund Johansen, Ole Wegard Iversen og Geir Håvard Valstad.

Kvart AU-medlem vurderer til neste møte evt behov for endringar i sine ressursgrupper, og kjem i så fall med forslag til møtet.

**Vedtak: AU oppnemner nye ressursgrupper i tlf møtet 20. juni.**

---

**7 Fordeling av ansvarskretsar**

Brit Kari orienterte om forslaget, basert på tidlegare fordeling. Vidare om at det i Organisasjonshandboka står fylgjande om oppgåver for arbeidsutvala: *Medlemmene bør også tildeles et antall kretser innenfor regionutvalgets område, hvor de har jevnlig kontakt med kretsleder og følger opp aktiviteten i kretsen.*

Innspel /kommentarar:

- I kva grad skal AU delta på kretsarr?
- Sverre deltek så langt han kan på kretsmøta i sine kretsar, samt møter i kretsutvala med høyringssaker.
- Vanskeleg å sitje både i kretsen og AU. Hindrar rekruttering av nye kretstillitsvalde når AU-medlem "opptek" plass i kretsutvalet.

**Vedtak: AU vedtek ny fordeling av ansvarskreter, jf vedlegg.**

---

**8 Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om at Midt-Norge slakteri tek marknadsandelar på storfe. I Midt-Norge taper vi på alle firbeinte dyreslag meir enn landet. På gris ikkje tapt produsentar, men auke i produksjonen hos konkurrent. Vidare om aktivitet og situasjon på dyreslaga.

Lars Morten orienterte om innspel frå Erik Kalstad, som han også har prata med på tlf. Produsentar i Meldal, men også Orkdal og Rindal, har vore i kontakt med Erik, og truar med å forlate Nortura. Vanskelege sjåførar i dagens modell er framhelde som årsak til ny modell. Litra som vil tene pengar på dette, ikkje Nortura. Vil invitere Nortura til Meldal i august, etter at beslutninga er tatt. Burde spurt regionale selskap fyrst. Nortura veit ikkje kva vi driv med.

Spørsmål/kommentarar:

- Må få ut betre informasjon om endra storfeklassifisering, samt kva er Animalia. Vurdere eigarbrev.
- Har vi beredskap/er føre var i forhold til ammekuprodusentar som får utfordrande økonomi og dyrevelferd?
- NLR ynskjer samarbeid med Nortura på dette, med veksande behov.
- Kva er årsaka til at det ikkje vert auka målpris med underskot av storfe?
- Vi kjenner ikkje antalet produsentar dette gjeld i Meldal, Orkdal og Rindal. Må kome i dialog med produsentane.
- Kva er årsaka til valgt modell er funnen best?
- Nortura har varsla endring 2 år i forkant, med mogelegheit for rigge seg for framtida.
- Vi har folk i adm som har kompetanse og kunnskap, og som har føreslått modell som styret har valgt.
- Treng oversikt over kor mange som er sinte. Finnast det motstemmer i kretsen?
- Bør arrangere eit ope info møte i juni. Honnør til Erik for å varsle AU om situasjonen i kretsen.
- Kva vil skje med transportørane som ikkje vert med vidare? Risiko for overgang til konkurrent?
- Bård Tore stiller på grilling i Meldal 4. juni, saman med Lars Nordbotn. Olav Håkon vurderer deltaking. Avventar til etter grilldagen med å ta beslutninga om infomøte i Meldal.

Roy/  
Borgny/  
fagutvalet

Bård Tore  
Olav Håkon

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**9 Leveringsvilkår storfe**

Borgny viste ein plansje med Nortura sin utfordrande konkurransesituasjon på storfe. Pris på livkalv er også tema, i tillegg til klassifiseringsdiskusjonen.

Spørsmål/kommentarar:

- Må gjerast tiltak
- Borgny skal i møte i fagutval storfe i morgon.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**10 Trøndersk Matfestival 1. – 3. august**

Lars Morten orienterte om status.

Vidare arbeid: Få til tlf møte med arbeidsgruppa og dei tilsette frå Tynset som skal stå på stand.

Brit Kari

Dei som kan stille på standen:

- Lars Morten
- Kolbjørn – halv dag
- Olav Håkon – halv dag

- Ragnar – halv dag
- Bård Tore – halv dag

Roy sjekkar opp logistikk av varer frå Malvik til messa/standen.

Roy

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

11 **Orientering frå fagutvala og ansvarsretsane**

Kolbjørn orienterte frå fagutval egg: Møte 14. mai. Marknad: Jobbar for smidig overgang frå Coop til Rema,. Godt sal, over forventning. Auka forbruk. Trivselstiltak for levering til Rema, mange produsentar har allereie innført det.

Bård Tore frå fagutval småfe: Marknad tema, ikkje vidareført sommarlam. Ga innspel på prisauke på kr 2,50. Tidlegare sagt at vi hadde behov for 1 500 tonn på reg lager ved årsskifte.

Sverre frå fagutval gris: Gjennomgang av nettonoteringa og tilleggsytingar. Mange smågrisprodusentar slit økonomisk, treng prisauke. Film med fokus på dyrevelferd gris vil kome, er jobba med beredskapsplan.

Lars Morten orienterte om filmen. Kva gjer vi med svineprodusentane i Midt-Norge? Dei produsentane det gjeld vert ivaretatt av Bondelaget. Bør arrangerast samlingar for svineprodusentane i regionen.

Spørsmål/kommentarar:

- Nortura må ikkje ta på seg for stort ansvar i saka vedk film, det bør Bondelaget gjere.
- Er planlagt grillmøte for svineprodusentane på Mære 4. juni.
- Region Vest har planlagt møter.
- Avklarar sentralt, ynskjer å arrangere 2 møter i regionen, Verdal og Orkdal.
- Info om filmen og beredskapsplanen. Ha med psykososial kompetanse.
- MDG sitt vedtak om kyllingproduksjonen vil også få konsekvensar.
- Guri Vormdal i Pelsdyrslaget kan vere god å ha med på slike møter.
- Dyrevelferd kan vere viktig tema å samhandle om i Midt-Norsk Landbruksråd.

Roy/ BK/  
Magne

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

12 **Årets tillitsvalde og årets krets**

Brit Kari orienterte om at desse prisane er planlagt utdelt frå årsmøtet 2020, og ynskjer innspel til kriterie

Innspel:

- Kretsutval:
  - Utradisjonelle arenaer der andre folk er for å snakke om landbruk, dvs synleggjering.
  - Alliansbygging/nettverk
  - Korleis handterer kretsutvala krevjande situasjonar for medlemmar, tek hand om medlemmar, både enkeltmennesker og grupper
  - Skulering av barn/ynge generasjon om matproduksjonen
  - Aktivitet som er aktuell i tida
  - Profilering av produkt
  - Plattform/link mellom Nortura og produsenten, med organisasjonsbygging og gjort seg synlege i kretsen
- Årets tillitsvalgt:
  - Nokon som har synleggjort Nortura
  - Motivator og motor
  - Profilere Nortura i media/sosiale media med sin produksjon
- RU-leiar og nestleiar står for nasjonal kåring?
- Både adm og tillitsvalde som står for kåringa på alle nivå
- Også ha ein Nortura-ambassadør pris, som ikkje berre tillitsvalde kan få

- I regionmøtet også kunne tildele pris til ansatte, som pratar næringa si sak
- Nortura-venn, jf Bondevenn

---

13 **Eventuelt**

- Borgny orienterte om status for det regionale kjøtprosjektet. Per Berg deltek i styringsgruppa. Nortura tek ikkje ansvar for sal, men kan delta i produksjonen. Kan delta i eit samarbeid med regionale produsentar.
- Ragnar orienterte frå Midt-Norsk landbruksråd: Opptatt av politikarkontakt, vert ein runde i Molde og ein på Trøndersk Matfestival. Organisasjonane vert invitert med på desse. Ynskje om større involvering av konsernstyremedlemane i landbruksrådet. Har også hatt møte med Fylkesmannen, m.a. med tema landbruksindustri. Kurs for tillitsvalde på krets nivå også tema. Ynskjer at AU spelar inn til Landbruksrådet å ha fokus og kommunikasjon med gode historier på dyrevelferd.
- Bård Tore tok opp fagutvala si rolle. Ynskjer å høyre om dei andre fagutvala sin funksjon. Vurdere endring i instruks? Føler at fagutvalet ikkje vert høyr, utan grunngjeving.
  - Egg: Mykje orientering, vert høyr på omsetningsavgift. Vanskeleg å påverke pris. Konstruktive diskusjonar som styre og adm har tatt med seg. Får vite mykje som ein ikkje kan gå vidare med.
  - Gris: Veldig givande, er høringsinstans for adm, føler at dei vert høyr. Meiningsfullt.
  - Konklusjon: Takast opp som sak i AU med korleis det skal fungere, og korleis det er ynskjeleg det skal vere.

Brit Kari

AU